

Kjærlandsaka til fylkesmannen

27.03.2013

Til veka skal forvaltningskomiteen behandla for 2. gong klagesaka om tilbygg til driftsbygning for Tor Jarle Kjærland. Rådmannen går inn for at klagen skal avvist og at komiteen opprettheld vedtaket om å gje løyve til tilbygg på 179 kvadratmeter. Saka vil deretter bli sendt fylkesmannen for endeleg avgjerd

Det heiter i innstillinga at tiltaket ikkje er i strid med paragraf 1 i jordlova. Dette er ein driftsbygning og treng ikkje omdisponering etter jordlovas paragraf 9.

I forvaltningskomiteens vedtak frå februar vart det gjeve ein frist til å koma med innspel til endring av køyrebrua som ligg nær våningshuset på naboeigedom. Men kommunen har ikkje motteke nye innspel og rådmannen opprettheld si innstilling.